



H.Sandvik AS
Galteråsen 4
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/98 - 16/1222

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
15.01.2016

Arkivering av søknad utan handsaming - gbnr 185/23 Isdal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.01.2016.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Søknaden inneheldt for lite opplysningar til at den kan handsamast. Søknaden vert **arkivert utan vidare handsaming**. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Avvik:

1. Tiltakshavar manglar signaturrett. Det er styret i fellesskap som har signaturrett
2. Kotehøgde går ikkje fram av innsendte teikningar. Teikningane viser heller ikkje tilhøve til eksisterande bygg på eigedomen og terrenget
3. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå reguleringsplankravet i kommunedelplanen for Knarvik-Alversund pkt. 2.3.13. Tiltaket må nabovarslast på nytt søknad om dispensasjon må grunngevast dersom søknaden skal realitetshandsamast
4. Det er sendt inn tilkoplingsløyve til offentleg avløp. Det er ikkje sendt tilsvarende dokumentasjon til byggesak. Det er ikkje sendt inn erklæring om ansvarsrett for røyrleggjararbeid samt søknad om fjerning av slamavskiljar
5. Det manglar naudsynt samtykke frå eigar av gnr. 185 bnr. 274 for legging av røyr/borehull fram til tilkoplingspunktet

Det er andre manglar og avvik i søknadsmaterialet. Dette gjelder gjennomføringsplanen, bruk av utgatte blanketter, manglande opplysningar i søknadsskjemaet vedrørende bruksareal og andre natur og miljøforhold, planstatus m.m.

Sakshandsamingsfrist

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Med helsing

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindåsvegen 153 AS v/Nordhordland Lindåsvegen 153 5916
elektro

ISDALSTØ

Mottakarar:
H.Sandvik AS

Galteråsen 4 5916

ISDALSTØ